

Skjøtselsplan for Mån. Slåttemark i Gjesdal kommune, Rogaland fylke

Eivind Haaland, 1122 60/1,2,3.

Skjøtselsplan for statleg areal, 61/1 på Mån, innføre Frafjordheiane landskapsvernområde.



Firmanamn, årstal: Norsk Landbruksrådgiving Rogaland, 2014.

Plan/prosjektansvarleg: Ane Harestad.

Oppdragsgivar: Eivind Haaland/Gjesdal kommune.

Litteraturreferanse: Harestad, A., 2014. Skjøtselsplan for Mån i Frafjordheiane landskapsvernområde. Slåttemark.

Innhold

Innhold.....	2
Generell del	3
Slåttemarksutformingar på Vestlandet	3
Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker	5
For meir utfyllande om skjøtsel, restaurering og hevd:	6
Spesiell del.....	7
Søkbare eigenskapar for naturbase.....	7
Områdebeskrivelse	7
Tidlegare og noverande bruk.....	8
Vegetasjonstype	8
Status/tilstandsbeskrivelse, frå Steinnes 2014	8
Kulturminne	9
Verdi (evt revidert verdisetting)	9
Mål	9
Skjøtselsplan.....	10
Aktuelle tiltak.....	10
Utstyrssbehov.....	11
Oppfølging	11
Ansvar	11
Obligatoriske vedlegg til skjøtselsplanen.....	11
Kart	12
Meir detaljerte vegetasjonsdata knytt til nummerering på feltkart, figur 5 og 6	17
Bilete.....	18
Kjelder	20

Generell del

Slåttemarker er areal som blir regelmessig slått. Semi-naturlig slåttemark eller såkalla natureng, er slåttemarker som er forma gjennom rydding og lang tids tradisjonell slått. Dei er ofte overflaterydda, men ikkje oppdyrka og tilslådd i seinare tid, og ikkje eller svært lite gjødsla. Dei blir slått seint i sesongen. Slåttemarkene blir eller vart gjerne haustbeita og ofte også vårbeita. Korleis slåttemarkene har vore skjøtta varierer noko frå stad til stad og frå landsdel til landsdel. Slåttemark er urte- og grasdominert og oftast svært artsrik. Dei kan vere open eller tresett.

Tresette slåttemarker med styvingstre som blir hausta ved lauvning er i dag svært sjeldne. Slike såkalla lauvenger vart gjerne beita om våren, slått ein gong seint om sommaren og beita om hausten. I tillegg vart greinene på trea hausta til lauvfør med eit tidsintervall på 5-8 år. I gammal tid spelte også myr ei viktig rolle som slåtteareal (slåttemyr). Det var òg vanleg å hauste før på myrar med gras og halvgras (slåttemyr), men myrslåtten minka sterkt fram mot slutten av 1950-åra og blir no berre gjort nokre få stader. Men attgroinga av slåttemyr går gjerne sakte, så fleire myrar ber framleis preg av denne haustinga. Det er registrert få lauvenger og slåttemyrar som framleis er i hevd.

Dei ulike slåttemarkene høyrer til blant våre mest artsrike naturtypar, og har stor betydning også for andre organismar enn karplantar. T.d. er rundt 70 prosent av dagsommarfuglane våre knytt til open engvegetasjon (særleg urterik slåttemark) og fleire vadefuglar brukar strandenger (slått eller beita) som hekkeområde og rastepllassar under trekket. I tillegg har slåttemarker stor betydning for mange truga artar av beitemarksopp. Slåttemark kan ikkje erstattast av beitemark fordi dei inneheld vegetasjonstypar og flere artar som ikkje klarar seg i område som berre blir beita. Samanlikna med naturbeitemark har slåttemark generelt det høgaste artsmangfaldet per m² og også dei største bestandane av fleire truga engartar. Slåttemarkene er viktige "levande genbankar". I tillegg er dei berekraftige økosystem som har vore eit nøkkelement i norsk landbruk i fleire tusen år. I løpet av 1900-talet har de imidlertid blitt blant våre mest truga naturtypar.

Slåttemarksutformingar på Vestlandet

Den store variasjonen i slåttemarksvegetasjonen i Noreg er enno berre delvis kartlagt. I det følgjande har vi likevel forsøkt å peike på nokre utformingar av slåttemarksvegetasjon som kan sjåast som karakteriske for Vestlandet og dermed gir fylka her eit særskilt forvaltningsansvar. Vi gir òg døme på nokre verdifulle lokalitetar.

I Møre og Romsdal har ein svært god oversikt over tradisjonelle slåttemarker fordi det her nylig er gjort ei samanstilling av kunnskapen om denne naturtypen (Jordal 2007). 178 lokaliteter blir omtala i rapporten frå dette prosjektet, og slåttemarker er registrert i 29 av fylkets 37 kommunar. Lokalitetane førekjem likevel først og fremst konsentrert innan mindre geografiske område, og kommunane Stordal (22 lokalitetar, særleg i Nørdredalen), Rauma (28 lokalitetar, særleg i øvre Romsdalen), Tingvoll (19 lokalitetar, særleg i Vågbø-Holmeide) og Sunndal (16, særleg ved fjellgardane) har flest kjende lokalitetar. Frisk fattigeng, ofte med stort artsmangfald, er truleg den viktigaste vegetasjonstypen. 64 raudlisteartar er registrert i dei registrerte slåttemarkene (13 karplantar, 1 sommerfuglart og 50 soppartar).

- Ein spesielt verdifull lokalitet er Skutholmen, Fræna, der det finst eit heilskapleg fiskerbondelandskap som skjøttast tradisjonelt og har mange gamle kulturlandskapselement m.a. mange små 1x2-meters potetåkrar i bergskortene. Slåttemarkene blir slått med ljå. Her finst mange raudlista beitemarksopp. Staden er veglaus og næast med robåt over eit 50 meter breitt sund.
- Langs Grøvvassdraget (Sunndal, utvalt for MR i 2008) og i øvre Romsdalen (Rauma) finst tørre-friske slåttemarker med fleire tørrengsartar som *Pilosella*-artar og sjeldne soppar.

- Stordal kommune har kanskje landets største bestandar av kvitkurle som i stor grad er knytt til restar av slåttemark.
- Nordre Sunnmøre er eit kjerneområde for solblom. Meir enn 30 000 blomsterstenglar er registrert innan dette området. Dessverre er det no berre sporadisk hobbyslått igjen her.

I Hordaland har m.a. Losvik (1988) studert slåttemarksvegetasjon. Fire utformingar av jordnøtteng (frisk fattigeng, jordnøttutforming) førekjem langs kysten her:

- Jordnøtteng, kystmaure-utforming med m.a. kystgrisøyre. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane.
- Jordnøtteng, grisøyre-utforming med m.a. blåstjerne og tusenfryd. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane.
- Jordnøtteng, prestekrage-utforming med m.a. kystgrisøyre, kjertelagnetrøyst og småengkall. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane.
- Jordnøtteng, kamgras-utforming med m.a. kystgrisøyre, vill-lin, hjartegras, storblåfjør og musekløver.

I tillegg er ei femte utforming identifisert i fjordstrøka (O2-O1):

- Frisk fattigeng, marikåpe-raudknapp-utforming med m.a. englodnegras, smalkjempe, vill-lin og småengkall, men utan dei typisk vestlege artene. Utbreiinga er ikkje godt nok kjent.

Jordnøttengene har ei spesifikk norsk artssamsetjing: Viktige lokalitetar er m.a. Urangsvåg, Bømlo og Gjuvslund, Varaldsøy.

I Sogn og Fjordane har miljøet rundt Ingvild Austad på Høgskulen over fleire tiår forska på og gjort ei rekke registreringar i dei tradisjonelle slåtteengene i fylket. Også i Sogn og Fjordane er det registrert fleire jordnøttenger. Kystblåstjernedominerte slåttemarker finst i ytre kyststrok, m.a. i Gåsvær i Solund, og lokalitetane Sandøyna, Vilnes og Hamna i Askvoll. Ein viktig slåttemarkslokalitet finst på Øvre Ormelid, ein hyllegard i Luster. Her finst tørrrenger med m.a. brudespore, vanlig nattfiol og bakkesøte. Det registrert mange slåttemarker i Sogn og Fjordane, men fleire av registreringane er gjort for relativt lenge sidan og dagens tilstand er uviss. På Grinde i Leikanger finst ei flott lauveng der både trea og enga framleis blir haldne i hevd.

I Rogaland er det registrert få slåttemarker. Dette har dels samanheng med det er gjort lite forsking i Rogaland. Men hovudgrunnen er truleg det moderne og intensive jordbruksoppdraget utover 1900-talet med omfattande nydyrkning, oppgjødsling og bruk av engfrø førte til at dei tradisjonelle slåttemarkene gjekk tidleg ut av drift. Fattig berggrunn, høg nedbør og gjødselpåverknad gjer at dei fleste naturengene som er att er fattig engveineng med blåknapp, blåklokke, følblom og rylik. Denne er mindre artsrik enn mange andre engtypar. I nordre del av fylket finst jordnøtt og kamgras i engene, medan det i den sørlege delen finst enger med blodtopp, blåmunke og engtjørebomm. På Jonegarden i Sauda, ein museumsgard der jorda er i statleg eige, er det både fattige og litt rikare enger og slåttemyr som med unntak av 10 år har vore drive samanhengande på gammalt vis. Her finst kvitkurle og nattfiol. Solblom, som og er funnen her, finst også i nokre få andre registrerte slåttemarker, m.a. Serigstad i Time, på Funningsland i Hjelmeland og på Haver i Hå. Den siste er hovudlokalitet for den sterkt trua arten jærtistel som her i landet berre finst i denne delen av Hå kommune. Særleg artsrike dyneenger finst på Jæren og Karmøy. Engslått på desse er lite kjend, men det er gjort forsøk på Åkrasanden der slått har auka artsmangfaldet.

Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker

Skjøtsel

Beste måten å skjøtte ei gammal, artsrik eng på, er å følge opp den tradisjonelle driftsforma, utan gjødsling og med sein slått. Det tradisjonelle slåttetidspunktet har variert noko frå stad til stad avhengig av klima og høgd over havet. Difor er det viktig å finne ut kva som har vore vanleg på den aktuelle lokaliteten eller i nærområdet frå gammalt av. Slått før 10. juli førekomm uansett svært sjeldan!

En bør nytte lett reiskap (ljå, tohjuls slåmaskin eller lettare traktor) der det er mogleg. Graset må bakketørkast ev. hesjast før det blir fjerna. I tillegg til at ein får tørt og godt høy, er bakketørkinga viktig for at frøa til engartane både skal få modne ferdig og bli liggande att på enga når høyet blir samla saman og køyrt vekk.

Mange stader på Vestlandet har det vore vanleg med både vår- og haustbeite på slåttemarka. På våren vart gjerne beitinga avslutta mot slutten av mai. Berre beiting kan likevel ikkje komme i staden for slått. Er det den einaste utveg for å skjøtta i ei periode, og det trengs nedbeiting i periodar på sommaren, er storfebeiting det mest skånsame. Storfeet vel ikkje ut ”godbitane” slik sauene gjer. Men beitepresset må ikkje vere for stort, og ein må rekne med noko manuell etterrydding.

Restaurering

Når det gjelder restaurering av enger som er i attgroing og utviding av eksisterande slåtteareal er det viktig å ikkje sette i gang med meir omfattande restaurering enn det ein klarar å følgje opp med skjøtsel i ettertid.

Dersom det er mange delfelt som skal restaurerast, kan det vere lurt å ta det trinnvis over fleire sesongar. Slik blir det meir overkomeleg, og ein får erfaring med kor omfattande dei ulike tiltaka er og kor mykje ein kan forvente å få gjennomført per sesong.

Hogst/grovrydding bør helst gjennomførast på frozen og gjerne bar mark. Då unngår ein skadar på undervegetasjonen, og samstundes er det enklare å få ein lågast mogleg stubbe. Rydding i snø kan vere meir tungvint. Mindre buskar og oppslag kan òg ryddast på sommaren når det er tørt og mykje av biomassen er samla i blada.

I slåtteenger som ikkje har vorte tresette er det ikkje noko poeng i å sette att tre ved rydding, men gamle styvingstre bør få stå. Eit og anna lauvtre med fin og vid krone kan òg gjerne få stå. Alle gran/furu og framande treslag bør fjernast.

Etter hogst er det spesielt viktig at alt ryddeavfall, kvist, stubbar og liknande blir samla saman og brent på eigna stader, og aller helst frakta ut av området. Dette for å unngå unødig oppgjødsling. Ryddeavfall som ligg spreidd utover vil elles fort føre til ny dominans av uønska rasktveksande, konkurransesterk vegetasjon. Av same grunn er oppflising og spreiling av flis i området ikkje å anbefale.

Attståande biomasse vil ta opp noko av næringa som blir frigjort frå døde røter av tre og buskar som har blitt rydda bort. Dette gir ein gjødslingseffekt som lett fører til oppvekst av uønska nitrogenkrevjande artar (t.d. bringebær og brennesle). Gradvis gjenåpning er difor viktig. Gjødslingseffekten saman med auka lysinnstråling fører gjerne òg til ein del etterrenning. Det er mest effektivt å slå lauvrenningane i juli, når det er minst energi samla i rotssystemet. Dette fell normalt saman med slåttetidspunktet. Det kan likevel vere nødvendig å rydde lauvrenningar fleire gonger dei par første sesongane.

Osp og or sprer seg ved rotskot, og rydding kan i mange tilfelle føre til utstrakt renning. Desse kan det difor løne seg å ringbarke ved å skjere eit ca. fem cm breitt band rundt treet nedanfor den nedste

greina. Det er viktig at snittet er såpass djupt at all barken forsvinn, slik at transporten av næringsstoff stoppar heilt opp. Det er lettast å ringbarke om våren. Etter tre somrar må dei døde trea fjernast.

Stubbar må kappast heilt ned til bakken, anten i samband med hogsten eller ved eterrydding på barmark. Større stubbar vil gå raskare i forråtning om en skil barken frå veden med eit spett eller liknande, og deretter stappar jord i mellom. Med unntak av osp og or kan ein òg unngå renningar på denne måten. Dette kan t.d. vere aktuelt i kantar som hindrar lysinnstråling til slåttemarka.

Problemartar som bringebær- og rosekratt, brennesle og mjødurt vil normalt forsvinne ved slått over tid. Men for å få dei bort kan det i byrjinga vere nødvendig å slå fleire gonger per sesong med ljå eller krattryddar. Felt med einstape (bregne) bør slåast ned med kjepp, ikkje skjerast ned. På denne måten held bregna fram med å transportere næring frå røtene, og utarmor dermed rotssystemet sitt. Den bør så fjernast på hausten.

For meir utfyllande om skjøtsel, restaurering og hevd:

Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker er å finne på Miljødirektoratet sine heimesider: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/Annet/Skjotselsboka/>

Spesiell del

Søkbare eigenskapar for naturbase

Namn på lokaliteten

Mån

Type

Naturbeitemark. Arealet er vurdert som eigna for å restaurera til slåttemark.

IID i Naturbase

Arealet ligg i landskapsverneområde, og er ikkje lagt inn i Naturbase per juli 2014.

UTM

N: 6527379,35 / Ø: 349644,23

***Fylke/kommune og områdenummer**

1122 Gjesdal

Gnr/bnr

61/1

Areal, noverande

Etter synfaring 28. august 2013 vart det avgrensa til saman 27 daa: 2,8 (sør) + 6,8 (midten) + 13,3 (nord) daa. Marka nord for tunet kjem i tillegg, og er 4 daa.

Mogleg areal etter restaurering

27 daa slåttemark.

Tidlegare registrert, av kven

Torborg Bjelland, Rådgivende Biologer AS i juni og august 2012ⁱ.

John Inge Johnsen og Audun Steinnes 28. august 2013ⁱⁱ.

Dato for skjøtselsplan, utforma av

23. september 2014. Ane Harestad, NLR Rogaland.

Registrert i samband med skjøtselsplan. Dato. Registrert av kven

Områdebeskrivelse

Området vart undersøkt i 2012 av Rådgivende Biologer AS i samband med naturfaglege kartleggingar i Frafjordheiiane landskapsvernområde. Frå tidlegare føreligg det ingen naturtyperegistreringar frå området, men på synfaringa den 25. juni 2012 blei det registrert og avgrensa ei naturbeitemark (D04) ved Mån, etter DN-handbok 13 (2007).

Området vart undersøkt 28. august 2013 av John Inge Johnsen og Audun Steinnes. Denne undersøkinga utgjer bakgrunn for denne skjøtselsplanen.

Plassering, naturgrunnlag

Mån ligg i Gjesdal kommune i Rogaland fylke. Området ligg på om lag 300 meter over havet og er prega av berggrunn med fattige, harde og sure bergartar granittisk og gneis. **iii**. Området ligg innanfor klart oseanisk seksjon og mellomboreal vegetasjonssone **iv**.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er ei naturbeitemark. Utforminga er ei blanding av fuktig fattigeng (D0401) og frisk fattigeng (D0404). Det er også små område med innslag av finnskjegg-eng og fattig sauesvingel-eng (D0405). Naturtypen grensar til fattigmyr og blåbærskog.

Artsmangfald, frå Steinnes 2014

Engkvein dominerer med gulaks, trådsev, smyle og geitsvingel som viktige innslag, blåtopp finst for det meste sparsamt i spreidde tuer. Andre artar er kystmaure, matsyre, kornstorr, tepperot, skogstjerne og myrfiol. Engmose dominerer i botnen med moderate innslag av vanleg bjørnemose. Slirestorr og kornstorr kjem inn i fuktigare søkk.

Aust og eit stykke sør for tunet er det liknande enger i ganske god stand men med innslag av raudsvingel, engrapp og harestorr.

Enga rundt huset er av mindre verdi, innan gjerdet fordi ho verkar gjødselpåverka, nord for inngjerdinga fordi ho er heilt dominert av vanleg bjørnemose, engmose og smyle utan andre engartar.

Fleire stader på flata er delvis dominert av røsslyng med innslag av blokkebær og tytebær, særleg i nordenden der elva knekk rett aust. Her er det eit mindre område ved elvebreidda med rikare hei med artar som dvergjamne, skottlandsaugnetrøyst, kattefot, tepperot, blåklokke, matsyre, grønstorr, engsoleie, blåknapp, fjellmarikåpe, skogburkne, binnemose og solblom (VU-sårbar). Hygrocybe cf. ovina.

Tidlegare og neverande bruk

I intervju med Peder Østebø ^v kan ein lesa om tidlegare liv og drift på Måն. Tidleg på 1900-talet var det aktiv landbruksdrift på Måն. Dei fastbuande familiene flytte bort i 1914, men det var likevel slått på Måն fram til ca 1940. Området har i alle år vore beita med sau, og fram til ca 1952 var beitetrykket relativt høgt. Frå 1974 har det kvart år beita om lag 120 sau på Måն.

Vegetasjonstype

Karakterartar: (m deknings% el. ca ant. ind.)

Raudlisteartar: (deknings% eller ca antall ind.)

Steinnes fann i 2013 ikkje andre raudliste artar /regionalt sjeldne artar enn solblom (VU-sårbar).

Status/tilstandsbeskrivelse, frå Steinnes 2014

Området er dominert av fattigeng med noko varierande råme som har vore slåttemark, men som har vore sauebeita dei siste 100 åra og viser noko ulike endringar/ forfallstrekk. Dei best bevarte engpartia ligg i området mellom stien og elva, 125 m til 460 m nord-noraust for tunet.

Det meste av flata verkar rydda og har derfor truleg vore slåttemark eller åker til noko ut på 1900-talet. Dette kan og godt gjelda delar av flata som nå er i ferd med å få lyngheikarakter. Området har etter dette vore sauebeita med noko varierande beitetrykk.

I 1983 vart det registrert at nokså tett bjørkeungskog (3-4 m, 10-15 år gammal) på delar av flata vart kvista opp av sauene slik at tilsvarande bjørkeetablering var uråd på den tida. Dette tyder på at beitetrykket rundt 1970 var vesentleg lågare enn i 1983 (Steinnes 1984). Jæren friluftsråd har rydda einer og bjørk og brend noko etter at Måն-garden vart kjøpt av staten og Friluftsgarden Måն vart etablert på 1990-talet.

Kulturminne

Våningshus, ruin etter driftsbygning og ruin etter samanbygd våningshus og driftsbygning er registrerte som kulturminne i SEFRÅK^{vi}.

Verdi (evt revidert verdisetting)

Viktig (B).

Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei fattig naturbeitemark med ein liten, trua populasjon av raudlistearten solblom, som har hatt svært sterkt tilbakegang i Rogaland dei siste tiåra.

Mål

Hovudmål for lokaliteten:

Å auke bestanden av solblom.

Å restaurere og ta vare på ein rest av tradisjonell slåttemark i eit område som i dag har få andre tilsvarende lokalitetar med potensiale til å bli restaurerte til slåttemarkslokalitetar.

Å gjere synleg ein tradisjonell skjøtsel og drift av gammal kulturmark i eit område som er mykje besøkt av skuleklassar, friluftsfolk og andre turistar.

Skjøtselsplan

Aktuelle tiltak

Restaurering

Slåtteteigen på Mårn er i dag prega av gjengroing i kantane med diverse lauvkrott. Skjøtselsplanen tilrår å opne opp arealet i kantane då det vil gi meir lys og kunne vera gunstig for artsmangfaldet i slåttemarka.

Oppsett av gjerde to stader som synt på kart i figur 10, vil kunne halde sauene borte fram til slått og avblomstring av solblom.

For å få det tørka høyet ned til Håland, kan det vera aktuelt å restaurera løypestrengen.

I følgje kart med avgrensing frå Fylkesmannen, er det 3 teigar med slåttemark som til saman utgjer om lag 23 daa. I tillegg er det aktuelt å ta med teigen nord for huset. Denne er 4 daa.

Det blir tilrådd å

1. Rydde kratt og tre i kantane av slåttemarka. Låg stubbing av lauvtrear vil gjera det mogleg å slå arealet.
2. Ryddinga bør helst gjerast utanom vegetasjonssesongen og på ein slik måte at det gir minst mogleg skade på vegetasjonsdekket/slåtteenga.
3. Kvist skal fjernast frå området etter rydding. Flis kan kuttast opp med fliskuttar eller leggast i moderat store haugar som brennast hausten etter.
4. Oppslag av lauv som ikkje blir fjerna med slått etter første sesong må fjernast manuelt våren etter. Det blir ikkje tilrådd bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Årlege skjøtselstiltak

Skjøtselsplanen tilrår å halde seg til generell tradisjonell skjøtsel av slåtteenger. For slåtteenga på Mårn betyr dette å slå arealet og haustbeite med sau.

1. Sein slått av arealet, helst ikkje før i slutten av juli, når solblom er avblomstra.
2. Høyet skal tørkast på bakken og så kjørast bort slik at det ikkje utgjer fare for næringsavrenning til slåttemarka.
3. Dersom det ordnar seg med gjerde, kan området beitast med sau etter slåtten. Det er positivt med god nedbeiting utover hausten slik at minst mogleg daugras blir liggande over vinteren.
4. Det skal ikkje kalkast eller gjødslast innan avgrensa naturtype.
5. Slåttemark bør helst slåast. Dersom det einskilde år blir vanskeleg å gjennomføra tradisjonell slått, er eit alternativ beiting med sau etter at solblom er avblomstra.

Skjøtsel og restaurering, generelt og spesielt

	Prioritering (år)	Kostnad kr, tal daa	Kontroll (dato)
Generelle tiltak. Slått av arealet, bakketørking og bortkøyring av gras	årleg	27 daa	
Aktuelle restaureringstiltak utover dei generelle. Rydding av kantar. Fjerning av greiner, kvist.	2016	timar	
Søknad om midar frå SMIL til skjøtselsplan, gjerde og slåmaskin.	2015		
Søknad om midlar til skjøtsel frå Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR). Frist innan 25. november.	årleg	27 daa	
Søknad om RMP for skjøtsel. Frist 1. oktober.	årleg		
Aktuelle årlege skjøtselstiltak, utover dei generelle.			

Utstyrstilstand

Det vart kjøpt ny tohjuls slåmaskin i 2014.

Oppfølging

Skjøtselsplanen skal evaluerast innan:

Behov for registrering av spesifikke artsgrupper:

Ansvar

Brukar: Eivind Haaland.

Fylkesmannen i Rogaland

Obligatoriske vedlegg til skjøtselsplanen

- **Kart**, helst ortofoto med: 1) Avgrensning av lokaliteten (moglegheiter for utviding ved restaurering kan stiplast), 2) Felt med spesiell skjøtsel, førekomst av problemartar/raudlisteartar osv. bør nummererast/skraverast og avmerkast på kart/flybilde.
- **Foto:** 1) Oversiktsbilde som viser lokaliteten i landskapet, husk UTM der bildet er tatt og himmelretning. 2) Delar av lokaliteten, husk UTM.
- Oppdatert artsliste ved re-registrering.


Kart



Figur 1. Tre avgrensinger for slåttemark på Mån, frå Fylkesmannen i Rogaland/Audun Steinnes etter synfaring 28. august 2013.

Figurer
 Skifter
 27,0 daa
 27,0 daa


Solblom og dvergjamne. Sjå kart
under.




Figur 2. Areal for fire teigar med sl  ttemark p   M  n, til saman 27 daa. Raud sirkel gjeld solblom og dvergjamne: sj   ogs   figur 3. Det er aktuelt    rydde og opne opp arealet i kantane av avgrensingane.



Figur 3. Prikken til høgre på vedlegget er finnestaden for solblom, prikken til venstre er for dvergjamne (opplysning fra Audun Steinnes etter synfaring 28.08.2013).



Figur 4. To stader med til saman om lag 500 meter gjerde vil gjøre det mulig å holde sauene borte til etter at slåtten er ferdig. Det kan bli aktuelt å sette i stand løypestreng for å få føret ned til Håland.



Figur 5. Feltkart. Brune tal er biletnummer, pil om lag fotoretning. Blå tal viser til feltnotat i utvida notat. Heilt i nord : s: Solblom. d: dvergjamne




Figur 6. Feltkart. Brune tal er biletnummer, pil om lag fotoretning. Blå tal viser til feltnotat i utvida notat. Heilt i nord : s: Solblom. d: dvergjamne

Meir detaljerte vegetasjonsdata knytt til nummerering på feltkart, figur 5 og 6

- 1) Eng dominert av engkven, rikeleg med gulaks og trådsev som stadvis dominerer. Også rikeleg med slåttestorr og geitsvingel, spreidde tuer med blåtopp. Engmose dominerer i botnskiktet, medan det er moderate mengder med bjørnemose. Andre artar er engsyre, kystmaure, kornstorr, smyle, tepperot, skogstjerne, myrfiol, tytebær, sauesvingel og finnskjegg, slirestorr i eit fuktigare drag.
- 2) Skrinne delar av flata der røsslyng er på veg inn, delvis dominerande. Andre artar er blokkebær, tytebær og blåtopp og andre artar frå fattigenga.
- 3) Fattigeng som liknar 1. Sæterstorr
- 4) ..
- 5) Litt rikare hei langs elvekanten i nord. Røsslyng eller finnskjegg dominerer. Andre artar er tepperot, blåklokke, blokkebær, blåknapp, myrfiol, tytebær, bjønnskjegg, engsyre, engsoleie, bråttestorr, slirestorr, grønstor, skogburkne, fjellmarikåpe, kattefot, dvergjamne, skottlandsaugnetrøyst, og solblom (svært sparsam).
- 6) Utpint, forfallen eng med lite gras, mest smyle, og overgrodd med mose, engmose og bjørnemose (fuktigare).
- 7) Gulaks-engkveineng med kystmaure, skogstjerne, tepperot, finnskjegg, engsyre, engrapp, engfrytle, harestorr (ned mot stien). Litt innslag av røsslyng, blokkebær og tytebær, slåttestorr og duskull i fuktigare deler.
- 8) Mest som 7), men med raudsvingel i tillegg.
- m) Indre /austre del av flata er fuktigare, dominert av fattigmyr med duskull og torvull med slåttestorr, trådsev, bjønnskjegg og blåtopp som stadvis dominerande artar. Truleg tidlegare slåttemyr. Det er gjort lite feltnotatar her.

Bilete





Figur 7. Bilete av slåttemarka på Mån. Nummer på biletene er merka av på kart i figur 5 og figur 6. Foto Audun Steinnes.

Kjelder

ⁱ Rådgivende biologer AS. 2013. Naturfaglege kartleggingar i Frafjordheiane landskapsvernområde. Rapport 1735. <http://www.radgivende-biologer.no/uploads/Rapporter/1735.pdf>

ⁱⁱ Steinnes A. og John Inge Johnsen. 2014. Vurdering av naturgrunnlaget for å ta opp slått på Mårn. Revidert 2014.

ⁱⁱⁱ Norges geologiske undersøkelse <http://www.ngu.no/kart/bg250/>

^{iv} Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

^v Hatleskog S. og Rønningen O. Livet på Mårn i Fidjadalen ved århundreskiftet. Intervju med Peder Østebø.

^{vi} Bygningar registrerte i SEFRÅK-registeret <http://www.miljostatus.no/kart/?lang=no&extent=-13973|6560580|-12885|6561000&layers=51:100;&basemap=KART&opacity=70&saturation=100>